

Uttale frå Senterpartiet i Møre og Romsdal om forvaltningsreformen

Senterpartiet i Møre og Romsdal legg følgjande demokratiske prinsipp til grunn for uttalen sin.

”Lokaldemokratiet har ein verdi i seg sjølv, ved at lokal- og regionforvaltninga representerer ein nærleik mellom innbyggjarane og politikarane. Desto større avstand mellom innbyggjarane og forvaltningsnivå, desto sterkare blir innbyggjarane sin følelse av avstand til dei kollektive demokratiske ordningane vi har.”

Vi støttar vidare reforma sine mål om: eit forsterka folkestyre, desentralisering av makt og myndigheit, ein meir samordna og effektiv offentlig forvaltning, verdiskaping og sysselsetting basert på regionale fortrinn og likeverdig tjenestetilbud og rettstryggleik for den enkelte.

Senterpartiet i Møre og Romsdal vil med utgangspunkt i det vi skriv innleiingsvis, gje følgjande uttale:

- Vi meiner forvaltningsreforma skulle gått lenger med å flytte oppgåver til politisk regionnivå, spesielt innafor høgskular, miljøvern, næringsutvikling og innovasjon og helse. Vi vonar dette kan komme på eit seinare tidspunkt.
- Regional stat må i større grad samordnast med dei nye folkevalde regionane/fylka.
- Oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn må leggjast til politiske organ.
- Senterpartiet er positiv til overføring av ansvaret for riksvegar til fylka. Det er eit klart krav at kostnadane blir kompensert fullt ut og at vegnettet blir overlevert i god stand.
- Det er vidare viktig at fylka får ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
- Forsøket med einskapsfylket i Møre og Romsdal har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling. Senterpartiet i Møre og Romsdal viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemonellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Senterpartiet ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men da som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regional folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst regionalt.